



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato  
18.10.2016  
Dykkar dato  
26.09.2016

Vår referanse  
2016/12386 542.9  
Dykkar referanse

Havforskningsinstituttet  
Postboks 1870 Nordnes  
5817 BERGEN

### Løyve til overvaking og fangst av ål på Mangersnes i Radøy kommune

Fiskeløyve nr 25 - 16

**Havforskningsinstituttet v/Caroline Durif, får løyve til å organisere overvaking og fangst av utvandrande ål fra Ølvatnet og Nesvatnet. Løyvet er gjeve med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfiskelova, og er vurdert etter naturmangfaldlova.**

Vi viser til søknad av 26. september 2016.

Løyvet gjeld ut 2016, og på følgjande vilkår:

- Grunneigarar/fiskerettshavarar skal orienterast om fisket
- De kan ta ut opp til 100 ål til prøvetaking, fanga ål ut over dette skal setjast ut att i live
- Fisket skal rapporterast til Fylkesmannen ved slutt

I samband med Havforskningsinstituttet si overvaking av ål, ønskjer dei å nytte ei felle på Mangersnes til føremålet. Fella vart tidlegare nytta til ålefangst. Målet er å telje og måle ål som vandrar ut frå vassdraget for å gyte i Sargasso-havet. 100 ål vert avliva for prøvetaking, resten sett ut att i live.

#### Vår vurdering

Vi kan ikkje sjå at overvakingsfiske som er planlagt kan føre til vesentlege økologiske endringar i vassdraget der fisket er planlagt. Og vil etter vårt syn ikkje auke den samla belastninga på økosystemet nemneverdig. Ålen i Noreg er ein del av ein felles europeisk og nord afrikansk bestand, med gyteområde i Sargasso-havet. Det er antatt at > 2 % av bestanden oppheld seg regelmessig i Noreg i deler av års/livssyklusen (Artsdatabanken).

Bestandsnedgangen har vore global, og arten er på den norske raudlista vurdert til sårbar. Det er ikkje opna for fiske av ål i sjø og vassdrag i Noreg. Uttaket av 100 ål er etter vårt syn avgrensa og vil ikkje påverke den felles europeiske bestanden nemneverdig negativt. Vi meiner difor føre – var prinsippet er fylgt i høve til bestanden av ål.

Etter vårt syn er ikkje § 11 relevant i denne saka. Vi vurdere §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova som oppfylt.

Er det noko i vedtaket de vil klage på, kan de sende klage til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal de sende via Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Gry Walle  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

|                   |                       |      |           |
|-------------------|-----------------------|------|-----------|
| Radøy kommune     | Radøyvegen 1690       | 5936 | Manger    |
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Sluppen | 7485 | TRONDHEIM |
| Nordhordland      | Postboks 33           | 5902 | ISDALSTØ  |
| lensmannskontor   |                       |      |           |
| SNO               | Her                   |      |           |